



FB Maskin AS  
Salhusvegen 55  
5131 NYBORG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/3663 - 14/17938

Saksbehandlar:  
Merethe Tvedt  
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:  
21.11.2014

## Mangel- Søknad om oppføring av mur på gbnr 1/389 på Flatøy

Det vert vist til søknad motteke 21.10.2014 om ansvarsrett for KUT frå FB Maskin A/S, og anna dokumentasjon i samband med oppføring av mur på gbnr 1/389 på Flatøy i Meland kommune. Tidlegare har eigar av gbnr 1/389 sendt inn søknad om oppføring av mur etter Pbl § 20-2 på eigedommen. Søknaden var mangelfull, og tiltaket var av ein slik storleik at den krevde søknad etter Pbl § 20-1.

Meland kommune returnerte søknaden og opplyste i skriv datert 15.09.2014 om at saka vart avslutta i påvente av at det blei sendt inn ny komplett søknad etter Plan og bygningslova § 20-1 av eit ansvarleg føretak.

Meland kommune mottok 21.10.2014 søknad om ansvarsrett for KUT frå FB Maskin A/S samt gjenpart av nabovarsel , erklæring frå nabo, situasjonskart med plassering av tiltaket og bilde av omsøkt tiltak på eigedommen. Sjølve søknadsskjema etter Pbl § 20-1 er ikkje innsendt. Ansvarsrett for SØK (ansvarleg søkjar), PRO (prosjekterende) og UTF (utførande) for tiltaket er ikkje komen inn.

Ved gjennomgang av saka finn administrasjonen at saka er mangelfull og ikkje tilstrekkeleg opplyst for handsaming etter Pbl § 20-1. Meland kommune ber om at det vert sendt inn følgjande dokumentasjon:

- Søknad om tiltak etter Pbl § 20-1. Søknaden skal vera innsendt av eit ansvarleg føretak som er godkjent for SØK (ansvarleg søkjar) funksjonen.
- Tiltaket skal vera belagt med ansvarsrett for SØK, PRO OG UTF jf. Pbl § . Søknad om ansvarsrett for desse funksjonane skal sendast kommunen av firma med denne kompetansen.

Meland kommune opplyser om at det er ansvarleg søkjar si oppgåve å påsjå at søknad om tiltak etter Pbl § 20-1 er tilstrekkeleg opplyst og at tiltaket er dekka med naudsynnte ansvarsrettar jm.f Pbl .

§ 23-1. Ansvarleg søkjar skal sikre at søknaden er riktig opplyst og i tråd med Plan og bygningslova. Jf. § 21-2.

Ansvarsrett frå FB Maskin er sendt inn på eit gammalt søknadsskjema frå 2010. KUT funksjonen er gått vekk, og erstatta med Kontroll. Ansvarsrett for Kontroll har administrasjonen etter ei foreløpig vurdering, vurdert at ikkje vil vera naudsynt for dette tiltaket.

Saka vert lagt i ventearkiv, i påvente av at manglande dokumentasjon vert innsendt. Når søknaden er komplett vil saka verta teke fram til ordinær handsaming. Dette til Dykkar orientering.

Kommunen held seg rett til å be om ytterlegare dokumentasjon dersom sakshandsamar finn dette naudsynt.

Gebyr for sakshandsaming vert ettersendt.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt  
byggjesakskonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

FB Maskin AS

Salhusvegen 55 5131

NYBORG